



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
35/2016	Kontrollutvalet	PS	13.10.2016
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		16/1487

HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE

Vedlegg:

Tilbud sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Avtaleutkast sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune, unnateke offentligjøring offl. §13, jf. fvtl. §13

Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget, unnateke offentligjøring offl. §13, jf. fvtl. §13

Framlegg til vedtak:

KU ynskjer å endre sekretariatstenesta for Vaksdal KU, og foreslår for kommunestyret å engasjere Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) jamfør mottatt tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg referert i fylgjande dokument:

- «Tilbud sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune»
- «Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om Sekretariatstenester for kontrollutvalet -unnateke offentligjøring, offl. §13 jf. fvtl § 13.
- «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget» -unnateke offentligjøring, offl. §13 jf. fvtl § 13.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Saka vert oversendt kommunestyret for endelig vedtak med fylgjande innstilling:

Vaksdal kommune bestiller sekretariatstenester for Vaksdal Kontrollutval av Hordaland Fylkeskommune i samsvar med tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg mottatt frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for KU for 2017.

Nytt sekretariat tiltrer etter nærmare avtale med Vaksdal Kontrollutval.

Kontrollutvalet - Sak 35/2016

KONT - Behandling:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) informerte i KU-møtet 11. mai 2016 om kva dei kan tilby som sekretariat for kontrollutvalet i Vaksdal kommune. I KU-møtet 14. september 2016 blei det vedteke å hente inn tilbod frå HFK om sekretariattjenester.

Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet leverte tilbod i samsvar med førespurnaden. Kostnad forbunda med å ha HFK som sekretariat samanlikna med eksisterande løysing utgjør for 2017 ca kr 74 000,- ekskl. mva. i meirutgift.

Tilbodet blei behandla i møtet.

Leiar for kontrollutvalet kommenterte tilbodet. Medlemene var alle samd om å akseptere tilbodet.

KONT - Tilråding/Vedtak:

KU ynskjer å endre sekretariatstenesta for Vaksdal KU, og foreslår for kommunestyret å engasjere Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) jamfør mottatt tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg referert i fylgjande dokument:

- «Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune»
- «Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om Sekretariatstenester for kontrollutvalet -unnateke offentleggjering, offl. §13 jf. fvlt § 13.
- «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget» -unnateke offentleggjering, offl. §13 jf. fvlt § 13.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Saka vert oversendt kommunestyret for endelig vedtak med fylgjande innstilling:

Vaksdal kommune bestiller sekretariattjenester for Vaksdal Kontrollutval av Hordaland Fylkeskommune i samsvar med tilbod av 04.10.2016 m/vedlegg mottatt frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet.

Endringar i kostnader forbundet med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for KU for 2017.

Nytt sekretariat tiltrer etter nærmare avtale med Vaksdal Kontrollutval.

Saksopplysningar:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) informerte i KU-møtet 11. mai

2016 om kva dei kan tilby som sekretariat for kontrollutvalet i Vaksdal kommune. I KU-møtet 14. september 2016 blei det vedteke å hente inn tilbud frå HFK om sekretariattjenester.

Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet har levert tilbud i samsvar med førespurnaden.

Tenestekjøpet vert gjort med basis i "Forskrift om offentlige anskaffelser" fastsett ved kgl.res. 7.april 2006 m.v. med endringar 24.11.2006. Herunder § 1-3, 2, h.

Dette er formulert slik i forskrifta:

§ 1-3. *Hvilke kontrakter som er omfattet av forskriften*

(1) Denne forskrift får anvendelse på tildeling av offentlige kontrakter om levering av varer, tjenester eller utførelse av bygge- og anleggsarbeider.

(2) Forskriften får ikke anvendelse på:

kontrakter om offentlige tjenestekjøp som tildeles et organ eller en sammenslutning av organer som selv er en offentlig oppdragsgiver som definert i § 1-2 (hvem som er omfattet av forskriften) med hjemmel i en enerett organet har i henhold til en kunngjort lov, forskrift eller administrativt vedtak, forutsatt at bestemmelsene er forenlige med EØS-avtalen.

Unnataket gjeld kjøp mellom offentlege organ på særskilte område der det ikkje eller i liten grad kan seiast å vera ein reell marknad.

Kostnad forbunda med å ha HFK som sekretariat samanlikna med eksisterande løysing utgjør for 2017 ca kr 74 000,- ekskl. mva. i meirutgift.

Kontrollutvalet må ta stilling til tilbodet som er levert.